



Arkeologisk rapport 2019

Reguleringsplan for Rotsetfjøra

Rotset. Gnr. 30 i Volda kommune

Arve Eiken Nytun



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

Forord	4
1. Samandrag	5
2. Bakgrunn og formål med undersøkinga	6
2.1 Tiltaket	6
2.2 Tidlegare funn fra nærområdet	7
3. Området	8
4. Strategi og metode	9
4.1 Visuell overflaterregistrering	9
4.2 Maskinell sjakting	9
4.3 Manuell prøvestikking	9
5. Undersøkinga	10
5.1 Synlige strukturer	10
5.2. Sjakter	11
5.3 Prøvestikk	12
5.4 Dokumentasjon	12
6. Resultat og konklusjon	13
7. Litteraturliste	14
8. Vedlegg	15

Forord

Eit kulturminne er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg. Det kan også vere stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelege kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf. Kulturminneloven § 4. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. Kulturminneloven §§ 15 og 19. Alle type kulturminne og kulturmiljø kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. Plan og bygningsloven § 11-8.

HOVEDPERIODE	UNDERPERIODAR	14C-ÅR (før notid)	KALENDERÅR
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum	10020 – 8900 b.p.	9500 – 8000 f.Kr.
	Mellommolitikum	8900 – 7690 b.p.	8000 – 6500 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7690 – 5230 b.p.	6500 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder	Tidlegneolitikum	5230 – 4700 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4700 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 b.p.	2300 – 1800 f.Kr.
Bronsealder	Eldre bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1800 – 1100 f.Kr.
	Yngre bronsealder	2900 – 2440 b.p.	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
	Eldre romartid	2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
	Yngre romartid	1840 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingertid	1500 – 1210 b.p.	570 – 780 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 b.p.	780 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Figur 1: Kronologiske perioder.

Då kun eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plan- og byggjesakar, jf. Kulturminnelova §§ 8 og 9. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne, kan søkar anten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller søke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.

1. Samandrag

Denne arkeologiske undersøkinga blei føreteke på Rotset, gbnr. 30/286 i Volda kommune, i forbindelse med reguleringsplan for rotsetfjora

Feltarbeidet ble utført av Arve Eiken Nytnun i Juli 2018. Rapporten blei ferdigstilt 16.12.2019
Totalt blei det brukt 40 dagsverk på saka.

Av metoder blei det brukt visuell overflateregistrering og maskinell sjakting.

Det ble ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.


2. Bakgrunn og formål med undersøkinga

Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er pågåande reguleringsplan for Rotsetfjæra. Reguleringsplanen skal legge til rette for mellom anna bustadar i området.

Formålet med registreringa var å undersøke forholdet mellom planarbeidet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf § 9 i kulturminneloven av 9. juni 1978.

2.1 Tiltaket

Tiltaket for reguleringsplanen er eit planlagt bygg på eit tidligare ikkje utbyggt område.



Figur 2: Plankart for Rotsetfjæra

Før planarbeidet kunne godkjennast blei det stilt krav om arkeologisk registrering.

Bakgrunnen for dette kravet, var at det kunne vere potensiale for automatisk freda kulturminne innanfor reguleringsplangrensa. I hovudsak var det moglegheit for funn av dyrkingsspor frå jernalder.

2.2 Tidlegare funn fra nærområdet



Figur 3: Bilde som viser nærområdet og kjente kulturminneverdier i området

Ei oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som wms-tjeneste i andre nettportaler (f.eks. www.gislink.no)

Det er ikkje registrert funn av arkeologiske kulturminner i umiddelbar nærleik til planområde, men det er fleire verna, vedtaksfreda og SEFRAK-registrerte bygningar i området. Ei oversikt over en del verneverdige bygninger og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengelig som wms-tjeneste, blant anna på www.gislink.no.

3. Området

Volda er ei fjordbygd på indre søre Sunnmøre som grensar til Voldsfjorden i vest. Kommunen er Volda kommune, og har areal dominert av alpine fjell og fjordar. Rotsetfjora ligg søraust for Volda sentrum, og heilt nede med fjorden. Lendet her er relativt slakt og er utbygt med bustadhus og industri. Det ligg også att markar som er truleg har blitt nytta som dyrkamark, og seinare beite (gbnr 30/286).



Figur 4. Oversiktskart over indre Sunnmøre. Planområdet i Volda sentrum er merka med blå prikk.



Figur 5. Kart over planområdet på Rotsetfjora

4. Strategi og metode

Strategi og metode ble valt ut frå terreng, arealbruk og vegetasjon i området.

Registreringsområdet låg noko lavt for steinalderpotensiale, og vi valte derfor å ikkje prøvestikke på området. Maskinell sjakting var derfor den best eigna metoden for registreringsområdet

4.1 Visuell overflateregistrering

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminne, dyrkingsspor o.s.v. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca. 1 meter lang metallstang der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut en profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingsslag el.l, avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

4.2 Maskinell sjakting

Metoden inneber at ein nyttar gravemaskin med flatt graveskjær/pusseskjær til forsiktig å skrape av det øvste matjordslaget. Spor etter blant anna eldstader og stolpehol etter hus er ofte synlege i den sterile grunnen under. Sjaktene har ei bredde på om lag 3 meter. Ved undersøking av større område blir sjaktene lagt parallelt, med innbyrdes avstand på om lag 10-15 meter.

4.3 Manuell prøvestikking

Metoden inneber at ein bruker spade og fjernar torva i eit om lag 40 x 40 cm stort område. Massen blir gravd opp mekanisk, bømte for bømte, og sålda i såld med 4 mm maskevidde. Såldinga fjernar jord, sand o.l. og gjer det mogleg å påvise steinreiskapar som økser og pilspissar, eller avfall frå tilverking av slike, som t.d. flintavslag. Uttakstaden for kvart bømtelegg blir markert i profilen for kvart bømtelegg, for eventuelt å kunne relatere funn til riktig jordlag. Både positive og negative prøvestikk blir kartfesta, for slik å kunne avgrense eventuelle lokaliteter.

5. Undersøkinga

Registreringsarbeidet blei utført av Arve E. Nytun i Juli 2018, og utgjorde totalt 2 dagsverk. Maskinførar stilte med ei 7/8 tonns gravemaskin med ei ca. 100 cm brei pusseskuff.




Figur 6. Bilete frå rett før oppstart. «Feltassistent» Håkon Stokke Nytun vurderer området. Fotograf: Arve E. Nytun

Verforholda var gode under heile registreringsarbeidet.

5.1 Synlige strukturer

Det blei ikkje påvist synlige kulturminner som er automatisk fredete. Det vart heller ikkje påvist spesielle strukturer. Registreringsområdet, som berre involverar gbnr 30/286 er ei slett mark som hellar noko mot fjorden i vest.



Figur 7. Oversiktsbilde av området som var arkeologisk undersøkt.

5.2. Sjakter

Det blei totalt opna 4 sjakter med maskin innafor planområdet. Desse vart plassert frå nord mot sør, og orientert i retning nordaust sørvest.



Figur 8. Kart over alle sjaktene, med nummer. Arcgis - collector

Alle sjaktene var negative. Det vart ikkje gjort funn av arkeologi i nokon av sjaktene på eigendom gbnr 30/286 ved Rotsetfjæra. Sjaktene bestod i hovudsak av lik masse og det var ingen tendens til fossile dyrkingslag mellom matjordslaget og undergrunnen. Her var det i hovudsak 2 lag som kunne påvisast, 1: Matjordslaget med noko varierende tjukkeleik 25 – 35 cm. 2: Lys grå eller gul sand- og eller leire. Leirepartia ser ut til å oppstå «flekkvis». Nokon stadar kan det sjå ut som det ligg eit myrlag under lag 1, men desse flys so pass over i kvarandre att det er vanskelig å drage eit generelt skille. Det er heller ein tendens i laget ein finn at nokre stadar.

Elles er sjaktene lagt parallelt med kvarandre, og i hovudsak kring 2,0 – 2,5 meter vide. Bortsett frå enkelte parti med leire var her ingen strukturar som kom tydelig fram i sjaktene. Her var heller ingen gjenstandsfunn i sjaktene.



Figur 9 og 10. Til venstre er bilete av sjakt 1. Til høgre er bilete av sjakt 2. Fotograf: AEN



Figur 11 og 12. Til venstre sjakt 3. Til høgre sjakt 4, med «feltassistent» Håkon S. Nytun. Fotograf: AEN



Foto 13 og 14. Til venstre profilvegg i sjakt 1. Til høgre profilvegg i sjakt 2. Fotograf: AEN

5.3 Prøvestikk

Det vart ikkje prioritert å prøvestikke på dette området, då det ligg noko lavt for steinalderpotensiale i Volda.

5.4 Dokumentasjon

Sjakter og prøvestikk blei fotografert og kartfesta. Det blei nytta eit Canon kamera, og teke 26 bilete (sjå vedlegg 1). Bileta er sortert, merka og arkivert ved bruk av Fotostation.

Kartfestinga blei gjort av Arve E. Nytun, ved bruk collector, og bearbeida ved hjelp av Arcgis.

6. Resultat og konklusjon

Heile området på gbnr 30/286 er registrert jf. Kulturminneloven § 9 Resterande område innanfor reguleringsplanen er busetting- industriområder, eller infrastruktur der arkeologiske registreringar ikkje er naudsynt eller mogeleg.

Av metodar blei det både nytta visuell overflateregistrering og maskinell sjakting

Undersøkinga resulterte ikkje i funn av nye automatisk freda kulturminne.

Området ligg nær sjøen og har lege under vatn i steinalderen. I seinare tid kan det har vore opparbeida eller nytta som beiteområde, men vi fant ingen spør etter fossile dyrkingslag på marka. Det kan ha vore noko nyare aktivitet i område, mellom anna deponering av massar når ein bygde vegen på oppsida.

7. Litteraturliste

Bondevik, S., J. I. Svendsen & J. Mangerud 1998: Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine Transgression in the coastal basin deposits of western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 13(6): 529-537.

GISLink karttjeneste: <http://www.gislink.no/gislink/index.jsp>

Helskog, K., S. Indrelid & E. Mikkelsen 1976: Morforlogisk klassifisering av slåtte steinartefakter. *Universitetets Oldsaksamling Årbok 1972 – 74*, Oslo.

Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden: <http://askeladden.ra.no>

Simpson, D. N. 2001: Excel spreadsheet prepared March 2001












Svendsen, J. I & J. Mangerud 1987: Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross-section of Western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 2:113-132.












Tilvekst: *Tilveksten til arkeologisk avdeling, Vitenskapsmuseet. Elektronisk versjon.* I årene 1871-1981 har de årlige tilvekstbeskrivelsene til den arkeologiske samlingen på Vitenskapsmuseet blitt utgitt i trykt form i forskjellige tidsskrifter, henholdsvis årsberetningene til "Foreningen til norske fortidsmindemerkens Bevaring", "Det kgl. norske videnskabers selskabs Skrifter" samt årbøker og årsberetninger til "Det kongelige norske videnskabers Selskab". Tekstdelen av tilvekstkatalogene fra 1871-1981 har, som en del av Dokumentasjonsprosjektet og Museumsprosjektet, blitt konvertert til elektronisk form.

Universitetsmuseenes arkeologiske gjenstandsamlinger: <http://www.unimus.no/arkeologi>

8. Vedlegg

Fotoliste:

	Rotsetfjora_013.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete sjakt 1 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_001.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete mot aust og verna bygningar Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_002.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete mot sjakt 4 og verna bygningar Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_003.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av sjakt 3 og 4 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_005.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av sjakt 2 og 3 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_004.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av sjakt 1 og 2 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_006.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av sjakter Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_007.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete mot verna bygningar Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_008.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Myrområde ved sjakt 4 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_009.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av sjakt 4 mot NA Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_010.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av sjakt 4 mot VSV Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:

	Rotsetfjæra_011.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av sjakt 3 mot NA Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_012.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av sjakt 3 mot VSV Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_014.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av sjakt 2 mot NA Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_015.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Profilvegg i sjakt 2 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_017.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av med "feltassistent" Håkon Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_016.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av "feltassistent" Håkon Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_018.JPG Dato: Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av sjakt 2 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_019.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av sjakt 1. mot NA Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_020.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av profilvegg i sjakt 1 Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_021.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Arbeidsbilete Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:
	Rotsetfjæra_022.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Bilete av sjakt 1 mot VSV Fotograf: Arve Eiken Nytun Nøkkelord:

	Rotsetfjora_023.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av registreringsområdet Fotograf: Arve Eiken Nytnun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_024.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av registreringsområdet Fotograf: Arve Eiken Nytnun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_025.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Oversiktsbilete av registreringsområdet Fotograf: Arve Eiken Nytnun Nøkkelord:
	Rotsetfjora_026.JPG Dato: 05.07.2018 Kulturminne-ID: Gårdsnummer: 30 Kommune: Volda	Beskrivelse: Snart klart for registrering. Gravemaskin og "feltassistent" Håkon. Registreringsområdet til høyre i bilete Fotograf: Arve Eiken Nytnun Nøkkelord:



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no